



Kjell-Vidar Rønquist Øvrebø
POSTBOKS 8 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6813 - 22/79016

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
31.10.2022

Svar på søknad om bruksendring frå fritidsbustad til bustad - gbnr 44/16 Skauge

Alver kommune viser til din søknad om bruksendring frå fritidsbustad til bustad på gbnr 44/16 mottatt 13.09.2022. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Bruksendring er eit søknadspliktig tiltak som krev bruk av føretak som kan erklæra ansvar. Det må ved innsending av søknad gjerast greie for bygget sin standard, om tiltaket oppfyller aktuelle krav i teknisk forskrift, TEK17, om tiltaket er i tråd med plangrunnlaget og om tiltaket har godkjend løysing for veg, vatn og avløp.

Eigedomen ligg i område som i kommunedelplanen for Lindås har status som landbruks-, natur- og friluftsføremål der eigedomen gbnr 44/16 er omfatta av tabell 6.1 som gjeld bygd eigedom med status som LNF-spreidd bustad. Bruksendring er ikkje i tråd med arealføremålet og tiltaket krev derfor dispensasjon.

Du søkte om og fekk dispensasjon frå arealføremålet LNF i vedtak datert 06.08.2015 i sak 2015/163. Då det er meir enn 3 år sidan vedtaket vart fatta og det ikkje er søkt om løyve etter plan og bygningslova § 20-1, jf. 20-3 (byggeløyve) innan 3- årsfristen, vil bruksendringa krevja at det vert søkt om dispensasjon på ny.

Det vart søkt om og gitt utsleppsløyve til minireinseanlegg i vedtak datert 27.02.2012 i sak 2012/497, og det vart gitt løyve til å etablere anlegget i vedtak datert 25.02.2013. Saka er ikkje avslutta med ferdigattest. Du må gjera greie for om anlegget er etablert.

Eigedomen har tilkomst frå kommunal veg via privat veg. Vegrett må dokumenterast og det må søkjast om utvida avkøyringsløyve.

Du må gjera greie for kva vassforsyning eigedomen har.

Mottatt søknad oppfyller ikkje krava til søknad og vert avslutta. Du må senda inn ein ny søknad om dispensasjon i tråd med gjeldande krav til dokumentasjon.

Dersom du har behov for ytterlegare rettleiing må du be om førehandskonferanse. Dette er ei gebyrlagt teneste. Vi tilrår at du tar med eit ansvarleg føretak dersom førehandskonferanse er aktuelt.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjell-Vidar Rønquist Øvrebø

POSTBOKS 8 ISDALSTØ